

Saksbehandlar: Marianne Bugge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5442-6

Lærdal kommune - kommuneplan sin samfunnsdel - høyring

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Det er positivt at klima er handsama som ei overordna føring for heile planarbeidet, og at planen har definert gode og relevante satsingar. Fylkesutvalet utfordrar kommunen til å setje meir konkrete og målbare tiltak i handlingsdelen, for å sikre at satsingane vert gjennomførte.
2. Fylkesutvalet ser det som positivt at kommunen har innarbeida og samordna det omfattande arbeidet med omstillingsprogrammet i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gir ei god forankring i planen og sikrar vidareføring etter programslett.
3. For å sikre betre kopling mellom samfunnsdelen og langsiktig arealbruk bør føringane for arealdelen vere meir utfyllande. Fylkesutvalet tilrår å innarbeida, ev. utdjupa meir konkrete innspel til tema, slik går fram av høyringssvaret (jf. vedlegg 1 i saka) i føringane til arealdelen. Dette gjeld: tettstad-/sentrumsutvikling, bustadområde, næring, vassforvaltning, hytteområde, landbruksområde og jordvern, klima, folkehelse, born og unge og universell utforming.

Vedlegg:

1. Framlegg til høyringssvar til Lærdal kommune, samfunnsdelen til kommuneplanen 2018 – 2030 .
2. Kommuneplan samfunnsdel for Lærdal 2018 - 2030 – høyringsdokument.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Hovudinstrykket er at plandokumentet er omfattande i tema og at mål, strategiar og tiltak svarar godt på dei utfordringane som er identifisert. I handlingsprogrammet bør ein konkretisere tiltak, kostnaden ved tiltaka og kven som har ansvar for gjennomføring. Føringane for arealdelen kan med fordel vere meir utfyllande, slik at ein sikrar god kopling mellom mål og strategiar i samfunnsdelen og den langsiktige arealbruken i arealdelen. Vi kjem med konkrete forslag til tillegg i føringane for arealdelen, samt generelle innspel til plandokumentet, under dei utvalde fagområda som er omtala i høyringssvaret, jf. vedlegg 1 i saka.

Saksframstillinga her er ei kortfatta samanstilling av høyringssvaret, med fokus på det som er mest relevante ut frå regionale og nasjonale omsyn. Dette er gjort for å få ei meir kortfatta sak til politisk handsaming.

2. Bakgrunn for saka

I kommunal planstrategi for Lærdal, oppdatert februar 2017, er det vedteke å revidere både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen i løpet av 2017/2018. Gjeldande samfunnsdel er frå 1999, og gjeldande arealdel frå 1995.

Arbeidet med samfunnsdelen har av ulike årsakar drege ut i tid. Lærdal deltek saman med Årdal kommune i Omstillingsprogrammet (2012-2018). Mål og strategiar i Omstillingsprogrammet er

innarbeida og samordna med kommuneplanen sin samfunnsdel. Det same er visjonen «Grøne Lærdal», der hovudmålsetjinga er: «Å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne Skiftet».

Kort om planen

Den overordna visjonen for Lærdal; Grøne Lærdal, vert følgt opp av to programområde: «Grøne Lærdal i vekst» og «Grøne attraktive Lærdal». Programområda inneheld fleire område: grønt reiseliv, grønt bumiljø, grøen kultur, grøne arbeidsplassar, grøen primærnærings, grøen kompetanse, grøen energi, grøen produkt- og teknologiutvikling, og grøen Lærdøl. Fokusområda er definert nærare i eit eige kapittel. Det går fram av planen at utviklinga av «Grøne Lærdal» er tenkt som eit prosjekt, der prosjekteigar bør vera Lærdøler, ikkje kommune eller næringsliv.

Planen gir eit godt bilete av utfordringane ein ser for Lærdal i åra framover. Utfordringsbiletet byggjer i stor grad og på analyse, statistikk og prognosar knytt til Omstillingsarbeidet. Tre hovudutfordringar som vert omtala er: kommuneøkonomi, folketalsendring, arealproblematikk.

Under dette at det vil vera ei utfordring å ha økonomi til å følgja opp prosjekta som er starta i regi av Omstillingsprogrammet (avsluttast i 2018), og som vert kravd for å sikra vekst og utvikling. Folketalsprognosane syner befolkningsnedgang, og spesielt at kvinner flyttar ut.

Arealproblematikken omfattar balansen mellom næringsareal, bustadareal og jordbruk, sett i lys av ras og flaumproblematikk og vern. Klimaendringar set større krav til god og langsiktig planlegging i høve samfunnsrisiko. Det er mange omsyn som avgrensar moglegheit for å nytta tilgjengeleg areal til vekst og utvikling i form av næring og busetjing. Dette krev gode, tydelege overordna føringar for arealplanlegginga.

Eit eige kapittel omhandlar handlingsdelen. Det er eit ryddig oppsett, der ein tek for seg målsetingar innafor programområda «Grøne Lærdal i vekst» og Attraktive Grøne Lærdal». Vidare følgjer målsetjingar, strategiar og ev. føringar for arealdelen innanfor ansvarsområda til kommunen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Hovudinstrykket er at planen er godt strukturert og dekkjande for mange tema som gjeld samfunnsutviklinga. Det er ei god kopling mellom samfunnsdelen, og planprogrammet for arealdelen som nett har vore på høyring. Det er positivt at kommunen har samordna visjonen, mål og strategiar med Omstillingsarbeidet.

Handlingsdelen

Målsettingane i planen dekker mange sentrale tema innan samfunnsutviklinga og kommunale tenester i Lærdal. Korleis ein ser for seg å nå måla innafor dei ulike fokusområda i samfunnsdelen, ***strategiane, kan med fordel konkretiserast noko meir.***

Mål og strategiar under ansvarsområda til kommunen samsvarar bra med utfordringsbiletet og utviklinga i Lærdalssamfunnet som er skildra i planen. Me saknar konkrete tiltak knytt til måla og strategiane. ***Handlingsprogrammet kan med fordel tydeleggjere tiltak, kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeidspart.***

Føringar for arealdelen

Under kvart av kommunen sine ansvarsområde i handlingsdelen ligg det føringar for vidare arbeid med arealdelen. Desse burde utdjupast meir for å få ei arealplanlegginga som byggjer opp under dei overordna måla og strategiane i samfunnsdelen. Med tanke på areal-problematikken og avgrensa tilgjengeleg areal til vekst og utvikling som er skildra som ei utfordring i Lærdal, er dette spesielt viktig. ***Nokre konkrete innspel til tema som bør med, ev. utdjupast meir i føringane til arealdelen: tettstad-/sentrumsutvikling, bustad-område, næringsutvikling, hytteområde, landbruksområde og jordvern, klima, folkehelse, born og unge og universell utforming.***

Sentrumsutvikling/tettstadforming

Planen har eit fokus på styrking og utvikling av sentrum. Dette er positivt, og i tråd med [regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#). Kommunen har vore gjennom fleire prosessar med tettstad- og sentrumsutvikling dei siste 10-åra. **Me saknar ein referanse til dei nemnde prosjekta, og korleis erfaringar og kunnskap frå dei er inkluderte i arbeidet med samfunnsdelen.**

I regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (2018) finn ein fleire retningslinjer som kan bidra til utvikling av attraktive tettstadar. **Vi oppmodar om at ein òg legg retnings-linene i regional strategi, samt regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (2017), til grunn for sentrumsutviklinga. Samfunnsdelen bør og leggja føringar for korleis sentrumsutviklinga skal følgjast opp i arealdelen.**

Næring

Det er positivt at sysselsettingsvekst er ei sentral målsetting i planen. **Føringane for arealdelen bør vere meir konkrete når det gjeld å definere kvar i kommunen ein skal utvikle ulike typar næringsareal.**

Landbruksområde og jordvern

I handlingsdelen er det skissert mål og fleire strategiar kring satsing på jordbruket og jordvern. **Måla og strategiane bør følgjast opp med konkrete føringar for arealdelen.**

Bustadområde

Føringane for arealdelen bør leggja opp til at ny bustadbygging i hovudsak skal konsentrerast i sentrum, med høg arealutnytting, og at bustadbygginga ikkje skal redusere dyrka og dyrkbar mark. Ev. andre føringar om lokalisering av ev. bustadfelt, spreidd busetnad, energiløysingar og materialbruk knytt til målsetjinga «grønt bumiljø» bør òg innarbeidast.

Hyttebygging

Langsiktige mål for utvikling av fritidsbustader i kommunen bør vera eit tema i samfunnsdelen av kommuneplanen, med føringar som grunnlag for arealdelen. I tråd med visjonen: Grøne Lærdal skal bærekraftig hyttebygging i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.

Folkehelse, born/unge, universell utforming

Folkehelse går igjen i planen som eit sektorovergripande tema. Dette er positivt, og i tråd med nasjonale føringar, jf. lov om folkehelse, §6. **Me vil oppmoda kommunen om å vera enda meir konkret m.a. gjennom føringar for arealdelen som understøtter mål og strategiar som samfunnsdelen har på dette området. Døme på føringar kan m.a. vere funksjons- og kvalitetskrav til bygningar, anlegg og uteareal for å sikre omsynet til helse, miljø, sikkerhet, universell utforming, leike- og oppholdsareal.**

Medverknad

Opplegget for medverknad er skildra under kap. 1.3 i planutkastet. **Det bør gå fram av planutkastet om, og ev. korleis born og unge har vore involvert i planprosessen.**

Klima

Det er flott at Lærdal tek ein posisjon i klimaomstillingsarbeidet. Det er viktig å setje det grønne skifte på dagsorden, og samfunnsdelen bør peike ut ei klimavenleg framtid for kommunen. [Regional plan for klimaomstilling \(2018\)](#) legg føringar for korleis fylket skal klimaomstille seg. Den regionale planen legg opp til ei klimaomstilling som inkl. både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring. Den regionale planen nyttar seg av uttrykket klimaomstilling, som omgrep for det grønne skiftet. Den regionale planen tek utgangspunkt i dei nasjonale og internasjonale føringane på klimafeltet. Det er **ønskjeleg at kommunen i samfunnsdelen gir klarare definisjonar på kva de legg i dei ulike omgrepa som er nytta.**

I eit grønt skifte eller klimaomstilling vil måla sett i Paris-avtalen, kombinert med nasjonale og regionale føringar, vere viktige. Eksempelvis bør det bli fokusert meir på korleis kommunen ynskjer å redusere klimagassutsleppa sine, og om de legg dykk på linje med nasjonale mål, eller om de ønskjer å vere enno meir ambisiøse. Noreg har forplikta seg til å redusere utsleppa sine med 30 % innan 2020, og 40 % innan 2030. Kva legg Lærdal kommune i omgrepet «det grønne skiftet»? Det grønne skiftet er meir enn å sjå grøn ut, ein må «vere» grønne. **Samfunnsdelen skal gjelde for 2018-2030, så i utgangen av perioden skal kommunen, med utgangspunkt i Parisavtalen, ha redusert klimagassutsleppa sine med 40 %. Dette tek ikkje samfunnsdelen stilling til. Det bør presiserast, slik at det blir lettare å nytte samfunnsdelen ved utforming av andre planar og haldingplanar/tiltak.**

Kulturarv

I planframlegget er det vist til Lærdal sin rike kulturarv og spesielt til dei historiske tradisjonane innafor veg og reiseliv. Både gamle Lærdalsøyri, dei mange historiske vegane og Borgund stavkyrkje er kulturarv av nasjonal og internasjonal interesse.

Det er dei siste åra gjort eit stort arbeid for å tilrettelegge Kongevegen som reiselivsprodukt, noko som er i tråd med satsinga på vandring og sykling innan fokusområdet Grønt Reiseliv. Det vert peika på utfordringar i forhold til logistikk og infrastruktur for å handtere den store veksten i tal besøkande i området. Det er positivt at kommunen tek tak i denne problemstillinga og jobbar strategisk med prosessar for å legge til rette for den forventta auken i besøkande i åra som kjem.

Fylkeskommunen er i gong med kartlegging av regionalt viktige kulturminne, og vil her ha dialog med kommunen om objekt og miljø som kan være aktuelle til å inngå i eit slikt register.

Vassforvaltning

I handlingsdelen tek punkt 5.3 for seg natur, klima og miljø. Eit av måla er: «*Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane.*» Men ingen av strategiane som høyrer til målet nemner vatn som ressurs, eller korleis samfunnsutviklinga skal bidra til og sikre berekraftig og heilskapleg forvaltning av vassmiljøet. **Samfunnsdelen og handlingsprogrammet bør gje føringar til arealdelen som er i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og som viser korleis omsyn til vassmiljøet skal integrerast i arealplanlegginga og ved fastsetting av ny arealbruk.**

4. Konklusjon

Visjonen «Grøne Lærdal», med målsetnad «å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne Skiftet» er ambisiøs. Samfunnsdelen bør vera tydelegare på strategiar, tiltak og føringar for arealdelen for å oppnå dette målet. Det er og ønskjeleg med ein klårare definisjon av kva ein legg i dei ulike omgrepa knytt til klima. Handlingsprogrammet er eit godt utgangspunkt for oppfølging av planen. Ein bør her tydeleggjere tiltak, kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeidspart.

For å sikre enda betre kopling mellom samfunnsdelen og langsiktig arealbruk, bør føringar for arealdelen vere meir utfyllande. Høyringsinnspelen inkluderer konkrete innspel til tema som bør med, ev. utfyllast i føringane, under avsnitt om tettstad-/sentrumsutvikling, bustadområde, hytteområde, landbruksområde og jordvern, klima, vassforvaltning, folkehelse, born og unge og universell utforming. Desse innspela bør inkluderast i planen før vedtak.